

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020**

### **Avrøysting**

Innstillinga frå hovudutval for næring vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådriver for ei berekraftig vekst av sjømatsnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplasser langs kysten i Vestland. På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.
3. Fylkesutvalet bed særskilt om at problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø vert prioritert, saman med tiltak som bidreg til at heile fylket kjem over i grøn sone innan trafikkljossystemet. Vidare er utvikling av fiskerihamnene viktig infrastruktur i sjømatsatsinga, og bør ha prioritet.
4. Fylkesutvalet står det vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeidd med å finne varig finansiering for satsinga. Her kan mellom anna havbruksfondet vera ein naturleg finansieringskjelde.